

Årsmelding 2023

Arna sokn



Foto: Bo Mathisen



DEN NORSKE KYRKJA

Arbeidet i kyrkjelyden

Gudstenesteliv

- Høgmesse
- Temagudsteneste
- Gudsteneste for store og små
- Dåpsegudsteneste
- Gudsteneste med konfirmantdeltaking
- Økumeniske gudstenester
- Gudsteneste med Klubben
- Søndagsklubben
- Gudsteneste/andakt på Arna helseheim
- Andakt på dagsenter

Bøn

- Bønnesamling kvar tysdag
- Økumenisk bønnesamling kvar månad

Møtestader

- Babysang
- Sakkeus open barnehage
- Familiekoret
- Livsnære grupper/ Husfellesskap
- Open kyrkjestove
- Strikkekafé

Trusopplæring

- Breiddetiltak 0-18 år

Kyrkjemusikk

- Arna og Ytre Arna kyrkjekor
- Prosjektkor
- Forsongarteneste og band
- Konsertar
- Samarbeid med lokale kor og korps
- Orgelelev

Diakoni/ misjon/ evangelisering

- Open kyrkje, Open kyrkjestove, Temakveld, Grautlaurdag, mv.
- Klubben
- Hjartebanken
- Misjonssundag
- Misjonsprosjekt - NMS og Normisjon
- Arna Seniorsenter - representantar i styret

Ressursar


- Medarbeidarar
- Kyrkjebygg, Kyrkjelydshuset, Kyrkjestova, Borgstova, leikeplass
- Kyrkjebladet, sosiale media og heimeside
- Samarbeid med skular og barnehagar i Arna
- Samarbeid med lag og organisasjonar
- Økonomi
- Strategitenkning
 - Plan for trusopplæring
 - Plan for konfirmantarbeidet
 - Plan for kyrkjemusikk
 - Plan for diakoni



Torill Vik Johannessen
leiar i Arna sokneråd



Kristin Hjertaker
sokneprest



Marianne W. Fanebust
dagleg leiar

Arbeidet i Arna sokneråd

Kyrkjelyden kunne glede seg over at det endelig ble tilsetjing i kapellanstillinga. Gina Marie Reisæter-Thu var på plass på slutten av sommaren. Det var høgtideleg ordinasjonsgudsteneste i Arna kyrkje 27.august.

Soknerådet er medarrangør på Julefest med Klubben i januar. Vellykka fest med fullt hus, Haus Musikklag og julepregang.

Kyrkjevalet: Bispedømekontoret inviterte til valkurs i januar. Heile soknerådet var nominasjonskomité. Målet var å finne forslag til 8 faste medlemmer og 5 varamedlemmer. Førehandsrøysting på kyrkje-kontoret og digitalt. På valdagen 11. september kunne medlemene røyste på Lone skule og Ådmarka skule. Det var det ikkje stort oppmøte. Mange hadde førehandsrøysta.

På hausten ble det 3 NRK-gudstenester etter initiativ frå soknepresten. Mykje planlegging og bratt læringskurve. Spannande å koma heim i stovene i heile landet.

Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon ble gjennomført med sponsorløp og stor basar. Det ble samlet inn kr 92.600 i Indre Arna.

Kyrkjelydshuset. I samsvar med gjeldande lovendingar har soknerådet oppnemnt husutval, laga vedtekter for utvalet og retningslinjer for bruk og drift av kyrkjelydshuset.

I mars var det idédugnad om bruk av kyrkjelydshuset. Alle brukargrupper var inviterte til å koma med framlegg om bruk av huset. Målet er å leggja tilhøva betre til rette for barn og unge, slik at dei kjenner seg heime, og ha fokus på lågterskeltilbod og opne møteplassar.

Stor takk til husstyret og dugnadsgjengar som i ei årrekke har gjort ein formidabel innsats for å drifte og vedlikehalde kyrkjelydshuset.

Etter forslag fra soknepresten vedtok soknerådet forsøk med haustkonfirmasjon, ei prøveordning i 2024 og 2025. Betre utnytting av kyrkjeåret ein pedagogisk fordel. Jamnere arbeidsår for stab og frivillige.

Vigsling av ny Bjørgvin-biskop i Bergen domkirke 16. april. Alle soknerådsleiarar i Bjørgvin var invitert.

Initiativ til Misjonsfestival i september. Representantar frå NMS og Normisjon var med i arbeids-gruppa som planlagte og gjennomførte gudsteneste og samling etterpå.

Universell tilkomst for rørslehemma til korpartiet. Forsøk med ei mobil rampe var ikkje vellykka. Soknerådet vil søke biskop om ei permanent løysing.

Soknerådet melder kvart år innspel til Bergen kirkelige fellesråd sitt budsjett med prioritering av lokale behov. Som Bkf så tar med i sine budsjettinnspel til Bergen kommune.

Takk til dei folkevalde i det avtroppande og det nye soknerådet, og alle andre frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden. De gjer ei uvurderleg innsats i felleskapet vårt.

Gudstenesteliv

Gudstenestelivet i kyrkjelyden var innhaldsrikt og variert også i 2023, med positiv utvikling på fleire område.

Eitt av høgdepunkta var ordinasjonsgudstenesta for den nye kapellanen Gina Marie Reisæter-Thu 27. august, der biskop Ragnhild Jepsen stod for vigslinga. Å få ein ny prest i Arna er noko kyrkjelyden har venta og håpa på i mange år, så no var glede stor! Gina Marie vart teken godt imot med ei høgtidsam og flott gudsteneste, og det var også fullsett under kyrkjekaffien etterpå.



Biskop Ragnhild og Gina Marie på i prosesjonen på veg ut av kyrkja. Foto: Odd Mehus

NRK-gudstenester

Arna kyrkje og gudstenestelivet har også blitt betydeleg meir synleg gjennom året ved at NRK har starta faste overføringar av gudstenester. Dialogen med NRK og førebuingar lokalt har gått over lang tid, og 3. september var første gudstenesta overført direkte, både på radio, tv og nett. Denne dagen var det Klubben for funksjonshemma som var spesielt i fokus, og som deltok med fleire oppgåver, mellom anna i prosesjonen og ved dramatisering av evangeliet om arbeidarane i vingarden. Dei to andre NRK-gudstenestene i haust var 29. oktober og 3. desember.

Kantor og sokneprest har vore lokale prosjektleiarar og har i stor grad involvert lokale song- og musikk-krefter, forutan ei rekkje andre frivillige til ulike oppgåver. Dette har bidratt til å styrkja kjensla av dugnad og fellesskap. Mange, både frå fjern og nær, har gitt positive tilbakemeldingar på gudstenestene. Det har kosta ein del ekstra tid og krefter, men det er kjekt når resultatet blir så bra. Nokre tekniske utfordringar undervegs har blitt løyst i godt samarbeid med NRK. Dei lokale kora som har bidratt i 2023 er Trengereidkoret, Haukland songlag og Ytre Arna vokal. Samarbeidet med NRK og dei lokale bidragsytarane held fram i 2024.

Moderat auke

Ordninga med ei veksling mellom vanlege høgmesse, temagudstenester og gudstenester for små og store har halde fram. Talet på dåp held seg ganske stabilt. 65 born/unge i soknet vart døypte i 2023. Av desse vart 20 døypte i andre kyrkjer, mens 14 born frå andre sokn vart døypte i Arna kyrkje.

Talet på konfirmantar varierer, blant anna som følgje av ulik storleik på kulla (98 konfirmerte i 2023 mot 81 i 2022). Det var sju vigslar i soknet med til saman 554 deltakarar. Året før var det 12 vigslar.

Tala viser ein liten auke i talet på deltakarar på gudstenester. Totalt var det 8274 deltakarar på dei 88 gudstenestene i 2023, medan det var 7932 året før. 149 fleire gjekk til nattverd.

Fleire stader melder om stor nedgang i deltakarar på julaftan, mens me har ein liten auke frå 2022 til 2023; 66 fleire og altså 449 til stades i 2023. Tala er likevel klart lågare enn før pandemien, og ein har av ressursomsyn valt å redusera frå tre til to gudstenester på julaftan. Erfaringane dei to siste åra kan tyda på at dette er eit rett nivå for tilbodet denne dagen.

Talet på gravferder varierer ein god del frå år til år, og 2023 var eit nytt år med svært mange. 95 vart gravlagde i soknet med til saman 7575 deltakarar. I tillegg var det 17 gravferder i Arna kyrkje av personar som ikkje var busette i soknet.

Staben har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføra gudstenester i friluft i 2023, men soknepresten forretta to utandørs vigslar.

Andre tilbud for vaksne

Hausten 2023 heldt Jan Kåre Jakobsen ein serie på tre bibeltimar i Kyrkjelydshuset med tema frå Salmene. Det var ein generell time om Salmene, ein om klagesalmene og ein om Sionssalmene. Desse kveldane var godt besøkt.

Eit heilt nytt tilbud såg dagens lys i 2023, eit skikkeleg grasrot-initiativ! Ei av dei livsnære gruppene sette i gang med «Open bibelgruppe». Tanken er at alle som har lyst, skal ha muligheten til å delta i ein open samtale om tru og liv; at det er fint å samtala med fleire om viktige spørsmål.

Tilbodet er ope for alle, anten ein til vanleg deltek i ei bibel- eller samtalegruppe eller ikkje.



Nina og Roald Zinke, Kristin Haukaas og Ann Helen H. og Pål Folkvord har tatt initiativ til Open bibelgruppe.

Sokneprest Kristin Hjertaker

Bønnenemnda

En liten gjeng samles i Kyrkjestova hver tirsdag morgen kl.10-11. Vi løfter fram alt som skjer i menigheten fra uke til uke og vi ber for bygden vår.

Det inviteres til økumeniske bønnesamlingen siste fredag i måneden kl.18-19. Der er det også en trofast flokk som samles rundt om i Gudshusene i bygden.

Søndagsklubben

Søndagsklubben hadde 4 samlingar første halvår. Starta ikkje opp att på hausten sidan det manglar leiarar. Det er få familiar som kjem til kyrkja. Det ble arrangert Vinterweekend til Wallemtunet i februar, ca. 30 deltakarar.



Gro Eman, Arna kyrkjens søndagsskule



Sakkeus open barnehage

Sakkeus har som tidlegare år hatt ope måndagar kl 9-15. Her samlast foreldre og barn med ulike bakgrunn og ulike språk til leik og fellesskap. Sangstund og felles måltid er viktige delar av dagen.

Året har vore innhaldsrikt med varierte aktivitetar. Våren 2023 var vi 3 gongar på Soltun besøksgard saman med Noa open barnehage. Vertskapet på Soltun stod for ulike aktivitetar kvar gong - riding, kjøring med hest og kjerre, mating av dyr, så-kurs og treplanting.

Før påske var barn og foreldre på påskevandring i kyrkja, og det var utkleddningsdag.

Vi prøvde også noko heilt nytt i år: lunsj-treff med bokpresentasjon og gratis pizza. Julie Valsø presenterte si nye bok 'Det ordner seg'. Det var ekstra god bemanning i Sakkeus denne dagen, så barna kunne leike under tilsyn medan foreldra lytta til opplesing. Babysang-familiane var invitert, og dette trekte fullt hus! Alle som møtte fekk Valsø si bok i gåve.

I juni drog Sakkeus-gjengen i samla flokk til Nygårdsparken og deltok på piknik for alle opne barnehagar i Bergen.

Hausten 2023 starta med hagefest for opne barnehagar. Arrangementet var eit samarbeid mellom Sakkeus, Noa open barnehage i Ytre Arna og Indre Arna kvinne- og familielag open barnehage. Fint ver og god mat gjorde dette til ein fin start på semesteret.

I haustferien inviterte dei tre opne barnehagane til familiedag på Soltun besøksgard med grilling, sangstund og leik på programmet.

I november laga Sakkeus til Hallo-Venn-fest og hadde langope til kl 18. Over 80 personar møtte, mange kom med heile familien. Det var ein flott dag med song, god mat og godt fellesskap.

Juleførebuingane føregjekk i tråd med god tradisjon- med baking og juleverkstad, julevandring i kyrkja og førjulsfest med nissebesøk. Barna fekk ei bok med juleforteljinga i gåve. Eit nytt tiltak var 'julekakebytte-bord' der familiane kunne ta med tradisjonsbakst frå sitt heimland, smake på kvarandre sin bakst og ta med heim. Dette slo godt an og var ein fin måte å lære om ulike tradisjonar. Her dukka også Bygdanytt uventa opp og laga stor reportasje.

Sakkeus open barnehage har samarbeidd med Diakoniutvalet om å arrangere grautlør dagar om lag ein laurdag i månaden, og var medarrangør av julespelet 9. desember.

Fast tilsette: Benedikte Auglænd - assistent, og Møyfrid Opheim - styrar

Timelønna medhjelparar/vikarar:

Fatema Ahmad og Ailine Kristin Lingnau



Møyfrid Opheim, styrar

Familiekoret

Annakvar tysdag har opptil 25 små og store vore samla til song og leik i kyrkjelydshuset.

Dei som vil kan komme frå kl 16.30 og få hot dog, saft og kaffi før øvinga startar kl 17. Dei fleste kjem rett frå barnehage/skule og arbeid, så dette fleksimåltidet er populært. Dette er og ein god anledning til å bli betre kjent med både barn og vaksne.

Ei korøving består av song, bevegelsesleik og ei kort forteljing. Sidan alder og aktivitetsnivå på dei som møter varierer, blir det ein god del tilpassingar undervegs i øvinga! Det viktigaste er å ha det kjekt saman. Eigne t-skjorter med logo understrekar fellesskap og det å høyre til.

Ekstra kjekt er det at koret samlar fleire generasjonar. Maskoten Sakkeus er alltid med på øvingane. Høgdepunktet før vi avsluttar er å leike 'tikken' med Kristin prest!

I februar song Familiekoret på grautlørdag – noko som resulterte i nye medlemmer!

Før påske samarbeidde Familiekoret med trusopplærar Gro om tiltak for 7-åringar. Dei var inviterte til ei øving som var utvida med formingsaktivitet og påskevandring i kyrkja etterpå.

I mars var årets eittåringar spesielt invitert til Familiekoret, då med lapskaus, bibelforteljing, song og leik på programmet.

Leiarar og medhjelparar dette året har vore

Kristin Hjertaker
Møyfrid Opheim
Benedikte Auglænd
Kari Secher



Julespel

Laurdag 9. desember. Også i år vart julespelet gjennomført med 2 utandørs førestillingar, gløggservering og englesong i kyrkja. Elever frå Kongshaug spelte og song julemusikk i kyrkja etter Julespelet. Det var godt motteke.

Nye skodespelarar kom til også i år. Mange var begeistra og vil vera med til neste år. Soul Children deltok også i år med flott song.

Det ble tatt nokre grep for å få ting til å fungere betre. Det har tidlegare år vore mykje arbeid for teknikarane. Meir innleidd utstyr, inkl. scene, gjorde det enklare.

Vi treng fortsatt fleire medarbeidarar på kjøkken, nedrigg av scene og lys- og lydutstyr. Litt uheldig at det var Open gard på Garnes same dag.

Det deltok om lag 85 frivillige. Rundt 220 personar kom på framsyninga.

Skjærgårds LIVE Arna er eit lokallag av Skjærgårds LIVE. Dette er ein kristen barne- og ungdomsorganisasjon som arrangerer musikk- og kulturarrangement i heile landet. Lokallaget er tverrkyrkjelig og vart starta i samband «24 HOURS-festival». I år vart det arrangert «MER-festival» og Julespel.

Det vart lyspark også i år! Jan Kåre hadde laga ny kunst. Veldig kjekt å høyre tilbakemeldingar frå folk korleis dei sett pris på at det er opplyst i området, andre opplevingar i parken og med budskapet. Elevar frå SFO på Lone kom med stjerner til å pynta i treet med. Det hadde vore kjekt om det var nokon frivillige som ville engasjere seg i å sette opp og ta ned parken.

Babysang

Dette er ein møteplass for alle som er heime med ein baby, og passar for barn mellom 2 og 12 månader. Det er kvar torsdag (etter skuleruta) kl.1030-1200. Det var 49 samlingar i 2023.

Det var 49 samlingar på Babysong i 2023. Ei samling inneheld blant anna namnesong, rim & regler, kveldsbøn og velsigninga. Her får deltakarane møte kristne og «vanlege» barnesongar.

I år har PR vore fokusert på det sosiale. Foreldra treng ikkje syngja for å kome, men er sjølvsagt velkomne til å syngja med.

Etter sangstunda har det vore ei sosial stund med kaffi, te og frukt. For mange er dette ein svært viktig del av samlinga. Vi har 8 friviljuge som tar ansvar for serveringa, og ev. hjelper til med andre praktiske oppgåver etter som dei ynskjer. Det har vore veldig kjekt med det samarbeidet. Eg er heldig som har med meg ei fast medarbeidar på kvar samling. Det er godt med ekstra ressursar for å kunne leggje til rette for best mogleg oppleving. Foreldra er godt nøgd med at det mange som kjem og at det er sosialt.

Gro Eman, kateket



Trusopplæring

Trusopplæringsutvalet

Bestod av Erik Rodal, Kristine Bjørkhaug, Torill Vik Johannessen, Cathrine Snipsøy og Gro Eman. Vi hadde to møter i 2023. Hovudfokuset i år var drift av trusopplæringa, evaluering, endringar og nokre nye tiltak. Ole Didrik Garnes og Daniel Eman er løna leiarar på ungdomsklubben. «Etter skuletid» er prøvd ut på Betania, Lone. Eit gratis tilbod for barn på 5. og 6.trinn.

Tiltak

1 år

I år vart 1 åringane med følge invitert med på ei samling med Familiekolet.

2 år/ Krybbesamling

Krybbesamling i adventstida. Vi byrja med mat og hobby kl.16.30. Ikkje lika mange kom i år. Vi hadde ei kjekk stund rundt bordet og etterpå i kyrkja, der dei fekk høyre kva som hende den jula for om lag 2000 år sida.

3 år/ Krøllesamling

14 barn i målgruppa fekk høyra om sauene som gjekk seg vill. Så ble det synging før dei fekk klappa eit levande lam. I kyrkja leita dei mellom kyrkjebenkane etter «bamse» lam. Så fekk dei ein bok til å ta med heim. Graut forma som ein sau med saltstenger til bein og rosiner til auge og øyrrar høyrer også med. Med sysken og foreldre var vi 35 til stades.

4 år/ Fest på slottet

Gudsteneste for store og små. 11 barn av totalt 74 døypte på årskullet var med på Fest på slottet! I år var me inne på sjølve slottet, altså i kyrkja. Under preika fekk 4-åringane krone. Det var også mogleg å ta bilete på den flotte kongestolen. I år var det ein ekstra fin kongestol. Jan Kåre Jakobsen har bygd på brudestolen som vi har i kyrkja. Festen fortsette med kyrkjekaffi.

Det er generelt nedgang i born som kjem til 4 års bok-utdeling i kyrkja i Noreg. Det er annleis prioritering blant føresette.

5 år/ Julespel

I år vart 5 åringane invitert til Julespel. Etter framsyning fekk dei ei pakke med hjartesjokolade og julekrybbe. 2 born vart registrert. 5åringane frå Ytre Arna var og inviterte, der var det betre oppmøte. Det er mykje mogleg at oppmøte heng saman med at det var open gard på Garnes.

6 år/ Førsteklasses

Gudsteneste for små og store. Første helgen etter skulen har byrja markerer vi skulestart. Seks 6-åringar kom og fekk si eiga barnebibel. Det er 10 % oppmøte. Etterpå fekk dei is og nokre leikar. Tidlegare år har det vore hoppepute og aktivitetar. Er det grunnen til at det kom færre?



2. trinn/ Barabbas-samling

Barabbas-samlinga vart kombinert med Familiekoret. Det starta med middag. Familiekoret song, og me høyrte om Barabbas og hadde påskeverkstad. 2 born var registrert. Totalt 24 personar var til stades.

3. trinn/ Tårnagentar

Tårnagent-helg: inviterte til å vera agent i år. 5 born kom. Flott vær gjorde det til ei fin ramme for hinderløype og undervisning ute, tur i kyrkjetårnet og gudsteneste på søndagen.

9 år/ Heltar

Som en del av Kulturdagar i Arna inviterer vi særskilt 9-åringane til eit show. Dei fekk gratis Gullbillett i invitasjonen. Med utgangspunkt i Bibelen sin forteljing om David og Goliat har Ruben Gazki sett saman eit magisk stunt-show med tematikken HELTAR. «Kva er ein helt, kven er det som kan bli heltar og korleis? Kan DU vere ein kvardagshelt som hjelper andre?» 8 kom.

5.-7. trinn/ MER-festival

Også i år inviterte vi til MEIR-festival i Kulturhuset Sentrum i Ytre Arna. Det er ein festkveld fylt med underhaldning, GLOW PARTY og gameshow og et tydeleg fokus på Jesus! 2 tilsette og 49 frivillige lagde ein fin ramme. Flott at mange ungdomar frå kyrkjelyden var leiarar. Veldig kjekt å sjå folk som elles ikkje kjem på arrangement i kyrkja var med. Skjærgårds har fått tilbakemelding om at forkynninga kunne vera enda klårare. 110 born kom. 68 frå Arna.

6.-7. trinn/ Lys vaken

16 barn og fine ungdomar gjorde Lys vaken til ein kjekk oppleving. Oppmøte i kyrkja laurdag ettermiddag. Overnatting i kyrkja til søndag. Aktivitetar som mellom anna refleksjakt i kyrkja, gudstenesteverkstad, film, kyrkjeåret, feiring av nytt kyrkjeår med opning av lysparken, stjerneskot og kveldssamling i alterringen. Frukost samen og gudsteneste søndag.

13 år/ Connection

På våre vart 12 åringane invitert til ei samling på Ungdomsklubben. Tanken er at dei kan bli kjent og kanskje fortsetje i klubben etter denne samlinga. 13 ungdomar kom i tillegg til dei som plar å gå der. Grilling, leik, aktivitetar ute og andakt skapte ei fin ramme rundt kvelden.

18 år/ Reunion

Dette var ein festkveld! Pizza, is med lysfontene og bursdagssong, gav ei fin ramme for markering av 18 åringane. Stemninga var god og mange gode gjensyn blant ungdommen. I etterkant av forkynninga var det fleire som responderte med trusspørsmål. Det kom også folk som ikkje var konfirmert. Dei som hadde skrevet brev til seg sjølv i konfirmanttida fekk det. Alle fekk gripekors og «Brev frå Gud» med bibelsitat om deira verdi. 17personar kom, 2 meldte avbod i siste liten.

Barn og unge

Ungdomsklubben

Ungdomsklubben er for ungdom frå 8. klasse og oppover. Ungdomsklubben møtes annankvar tysdag til enkel kveldsmat eller liknande, andakt, leik og spel. I 2023 har vi hatt ungdomsleiarar som har planlagt og gjennomført samlingane; på våren var det Emilie Eman og Ole Didrik Garnes som var ungdomsleiarar, og på hausten var det Ole Didrik og Daniel Eman som var med. Det har vore variabelt oppmøte, frå 1 til 8 ungdommar har møtt opp. Sommaravslutning hadde vi på bowling i Åsane, og til juleavslutning inviterte Kari Myhr alle heim til seg på julegraut.

Ole Didrik Garnes, Daniel Eman, Kari Myhr og Torill Johannessen

Samarbeid med barnehagar

Livsmestringssamlingar ved kateket Gro har forsett, primært i Ådnanipa barnehage (tidl. Arna kyrkjelyds bhg.). Dei har også ynskja song med dei minste. Veldig kjekk stund. Det ser ut til at 2024 vert det fleire songsamlingar i Neshaugane.

PÅSKEVANDRING

Før påske i 2023 var det kun 1 barnehagegruppe som kom på påskevandring i Arna kyrkje. Det var mange flere som var påmeldt, men de måtte meldte seg av igjen pga. sykdom i barnehagene.

JULEVANDRING

I desember 2023 gjennomførte vi 11 julevandringar med barnehagebarn i Arna kyrkje.

Kateketane pynta til advent



Samarbeid med skuler

I 2023 har vi noen møtepunkt. En SFO-gruppe fra Lone skule laget stjerner til lysparken. De kom og leverte stjernene til oss. Hele 5. trinn fra Garnes skule, ca. 55 elever, kom på omvisning i kirken i desember.

Garnes ungdomsskule hadde to skolegudstjenester 6. desember. Ådnamarka skule og Lone skule hadde en gudstjeneste hver 14. desember.

KONFIRMANNT

VÅREN 2023

UNDERVISNING

Konfirmantene er fordelt i undervisningsgrupper med ca. 15 ungdommer i hver gruppe. Noen ganger var det fellessamling med alle konfirmantene.

KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON

Vi har nå sluttet med bøssebæring. Det er ikke så mange som har kontanter, så vi prøver nye metoder. Det var flere måter å gi på: digital innsamlingsbøsse på Facebook, mulighet til å gi på Vipps, SMS og konto på Kirkens Nødhjelp sin hjemmeside, offer og gaver.

Konfirmantene hadde sponsorløp som en del av konfirmantleiren og fikk venner og familie til å sponse. En lørdag i mars hadde vi basar på Kyrkjelydshuset. Der var det fullt hus og god stemning! Det kom inn kr 92.600 til Kirkens Nødhjelp.

KONFIRMASJON

98 ble konfirmert i Arna kirke i mai 2023.

NY PRØVEORDNING

I 2024 og 2025 prøver vi ut høstkonfirmasjon i Arna. Det innebærer at konfirmantåret starter i januar og at vi har konfirmasjoner i september. På høsten har det dermed ikke vært konfirmanter.

HØSTEN 2023

INFORMASJONSMØTE

På senhøsten hadde vi informasjonsmøte i kirken. Mange nye konfirmanter og foresatte kom, og av oss ledere var Kari, Gina Marie, Gro og Cathrine med og delte på å fortelle om konfirmanttiden.

TEAM konfirmant

Ansvarlig for gruppene sammen med Cathrine var: kateket Gro, Kari S. og Kristin prest.

Cathrine Snipsøy, kateket

Kyrkjemusikalsk arbeid

Kantor leder sangen og musikken i gudstjenester, begravelser og vielser. Kantor arrangerer/deltar på konserter, arrangerer salmekvelder og underviser i orgelspill. I tillegg er han med på gudstjeneste for «Klubben» en gang i måneden. Kantor er også med på påskevandring og julevandring med barnehagene. Kantor har prosjektkor og er dirigent for Arna og Ytre Arna kyrkjekor. Kyrkjekoret deltar på gudstjenester, konserter og salmekvelder.

Under er listet opp en oversikt konserter og lignende arrangement i 2023

| Type arrangement | Dato | Til stede |
|--|---------------|-----------|
| Concert Romantique | 22. april | 60 |
| Jazzmesse | 23. april | 134 |
| Salmefest | 27. april | 95 |
| Orgelkonsert, Franck | 07. mai | 23 |
| Fredskonsert | 11. mai | 78 |
| Salmekveld | 26. september | 114 |
| Konsert med Bøen/Fiskåen Gitarduo | 26. november | 33 |
| Konsert med Trengereidkoret | 10. desember | 124 |
| Julekonsert med Kyrkjekoret, prosjektkor, profesjonelle musikere og solister | 13. desember | 250 |
| Konsert med Haukeland songlag | 17. desember | 184 |

Høsten 2023 begynte vi med NRK-gudstjenester i Arna. Det har vært en blandet fornøyelse. Det er mye ekstraarbeid både for de frivillige og for de ansatte. På den andre gudstjenesten i oktober opplevde vi at lyden som ble formidlet av NRK overhodet ikke samsvarte med lyden slik den var i kirkerommet. Den fantastiske menighets sangen som var denne dagen kom dessverre ikke med i det hele tatt. Dette har imidlertid blitt bedre og både vi og NRK har lært av å jobbe med disse gudstjenestene.

Kantor ønsker å ha et godt samarbeid med lokale kor og korps. Tirsdag 26. september deltok Haukeland songlag på salmekveld. Etterpå var det samling for frivillige i kyrkjelydshuset. I tillegg deltok koret på NRK-gudstjeneste 29. oktober. Da satt de i benkene og var med og styrket salmesangen. Det samme gjorde Trengereidkoret på NRK-gudstjenesten 3. september. 28. mai på pinsedag medvirket blåsere fra Arne musikkforening på gudstjenesten.

Kantor Olav Arne Steinkopf



Vikarer julaften

Daniel og Simen Eman vikarierte for Olav Arne på gudstjenester julaften. Det ble intervju både i Bygdanytt og Bergens Tidende :)

Foto: Bygdanytt

Arna- og Ytre Arna kyrkjekor



Styret

Leiar: Alice Bjørnstad

Nestleiar: Kirsti Rolland

Kasserar: Marianne Fanebust (Kyrkjekontoret. Ho fører regnskap for kora.)

Skrivar vårsemester: Randi Daae Stordal. Haustsemester: Ann Helen Heggstad Folkvord

Ansvar servering: Kirsti Rolland

Ingen varamedlemer, da ingen meldte seg.

Valkomité: Per Bjarte Hjellum

Dirigent: Kantor Olav Arne Steinkopf.

Program våren 2023

- Deltaking på gudstenester:
 - I Ytre Arna kyrkje : 1 ordinær gudsteneste.
 - I Indre Arna kyrkje : 1 ordinær gudsteneste, 1.påskedag og 1.pinsedag.
 - Fredskonsert.
- Formiddagsmøte på Bedehuset i Arna i samband med Kulturdagar i Arna.
- Salmekveld i Arna kyrkje i samband med Kulturdagar i Arna.
 - Årsmøte 16.03.2023. Nestleiar Kirsti Rolland var på val, og tok attval. Kirsti Rolland tek over ansvar for servering frå Ingrid Velure som har slutta i koret.
 - Det vart informert om kjøp av abonnement på korappen «ChoirMate», for å få utvida bruken av denne.
 - Det vart informert om «Stallgudstenester» for NRK til hausten.
- Antal ordinære øvingar: 13
- Avslutning med enkelt program og god mat

Program hausten 2023

- Deltaking på gudstenester:
 - Ytre Arna kyrkje: 1 ordinær gudsteneste.
 - Arna kyrkje: 1 ordinær gudsteneste, ordinasjonsgudsteneste, 3 NRK-gudstenester.
- Salmefest med Haukeland songlag i september.
- Temakveld i kyrkjelydshuset.
- Julekonsert/ Luciakonsert 13.desember.
- Avslutning 14. desember.

Ant. aktive medlemmer i koret ved slutten av haustsemesteret: 18.

Ann Helen Heggstad Folkvord, skrivar

Diakoniutvalet

Utvalgets medlemmer:

Svanhild Olsen Lie (leder), Evelyn Haldorsen, Torbjørg Mjelde, Bjørg Karin Skartveit, Lise Liland, Kristin (prest) og Randi Daae Stordal (sekr.)

Det er mye godt diakonalt arbeid i menigheten vår. Diakoniplanen som ble revidert i 2023, skal gi en oversikt over hele dette feltet og være spesielt til nytte for alle nyttsatte i menigheten. Mye av den diakonale tjenesten er utvalget ikke direkte involvert i. Disse er nevnt i andre årsmeldinger.

Diakoniutvalget stod i 2023 direkte ansvarlig for: Revidering av Diakoniplanen, Laurdagsgraut, Temadag, samling før og etter Allehelgensmessen, sangstunder på Helseheimen og Open kyrkjestove.

Diakoniplanen

Noen av endringene i planen:

Nye tiltak: Open kyrkje ons. kl. 18-20 og tors. kl. 12-14
 Arna familiekor annenhver tirs. kl.16.30- 17.30

Ikke aktive tiltak: Kyrkjefrukost

Laurdagsgraut

Oppmøte har vært bra, men det har ikke vrimlet av småbarn som før pandemien! Vi har fremdeles stor tro på dette lavterskeltilbud for alle generasjoner!

Temadag

Sammen med soknerådet ble det lagt mye arbeid for å arrangere en klimakveld. Et variert og flott program med tittel «Vår felles framtid». Klimaforsker og professor Helge Drange fra Bjerknessenteret og Gunnar Kartveit med bakgrunn fra Kirkens Nødhjelp om «Den gode nøysemda» bidro med ulike vinklinger på tema. Odd Mehus hadde en tankevekkende bildeserie om «Høstens skulte skjønnhet»! Erik Rodal skal ha stor takk for innsatsen med å få dette til med så flotte innslag!

Minnesøndag

10-15 personer var innom Kyrkjestova i forbindelse med messen. Viktig for dem som kommer om det ikke er så mange.

Sangstunder på Helseheimen

Første mandag i mnd møtes en trofast gjeng for å synge med beboere på Helseheimen!

Open Kyrkjestove

Har vært arrangert hver fredag kl 11-13 med servering av suppe og kaffe. Varierende frammøte. Staben har tatt lunsjen sin der. Vertskap har vært Kari Secher med flere.

Randi Daae Stordal, sekretær

13-20 samtaletilbod

Ungdomsdiakon i Arna deler sin stilling med Ytre Arna, 50% i kvart sokn. Samtaletilbodet 13-20 i Bergen, og i Arna, har i 2023 møtt mange ungdom til enkeltsamtaler, og i grupper gjennom konfirmantarbeidet og leir. Ungdomsdiakon har deltatt på enkelte konfirmantarbeids-arrangement, og andre ungdomsarrangement. Videre har ungdomsdiakon arbeidet med tilbudsetablering og nettverksbygging, samt vore med å drive byomfattande sorggruppearbeid for barn og unge.

Det er vanskeleg å skilja ut tal for Arna, men totalt har ungdomsdiakon i Arna og Ytre Arna gjennomført 108 enkeltsamtaler. Her får ungdomane koma og snakke om det som ligg ein på hjartet, alt frå store utfordringar til det som berre er fint.

Ungdomsdiakonane som jobbar i 13-20 ynskjer å vere vaksne med tid, og vi opplever stor takksam for at vi er det. Både frå ungdom og foreldre.



Foto: Odd Mehus

Maria Aasheim Grosås, ungdomsdiakon

Misjonsavtaler

Kyrkjelyden har misjonsavtale med NMS (Etiopia), og bønneavtale med Normisjon (Bangladesh). Det var 4 offer til Etiopia, det kom inn kr 24189. Det var 3 offer til Normisjon, det kom inn kr 20679.

Kirkens SOS i Bjørgvin

Arna kyrkjelyd er medeigar og støtter årleg økonomisk. Det var 2 offer, kr 7938. Kirkens SOS er landets største kriseteneste. Menneske tek kontakt gjennom telefonsamtalar, SOS-chatter og SOS meldingar heile døgnet.

Strikkeprosjektet

Strikkeprosjektet engasjerer mange! Tepper, kuvøsegensarar, luer og sokkar kjem inn til barna på Okhaldhunga Hospital i Nepal. Takk til alle som kjem til kyrkjekontoret med varme tepper og plagg!

Hjartebanken



Aktiviteten for 2023 var noe lågare enn for 2022. Etter ein jamn auke i aktiviteten etter starten i 2013, har dei siste åra lege ganske stabilt slik tabellen viser

| Årstal | 2013 | 2015 | 2017 | 2019 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---------|------|------|------|------|-------|------|-------|
| Timar | 9 | 237 | 612 | 656 | 435,5 | 447 | 375,5 |
| Oppdrag | 4 | 93 | 234 | 321 | 266 | 277 | 250 |

Tala gjeld registrerte (og rapporterte) tenester. Tid til møter og organisering av tenesta kjem i tillegg til tala ovanfor.

Det er særleg besøkstenesta som blei noe lågare i 2023 (frå 223,5 timar i 2022 til 154 timar i 2023) som skyldast at nokon av brukarane har felle ifrå. Medvandrartenesta har derimot tatt seg opp ved at dei som deltek har vært der fleire gongar. I tillegg er det ei auke i etterspurnad etter følgje/skyss til butikk/lege m.m.

Dei ulike **teneste/oppdrag** fordel seg på følgjande teneste:

- ✓ Besøksteneste/turven utgjer omlag 40 % (6 personar har besøkt 11 brukarar 87 gongar – brukt 154 timar)
- ✓ Medvandrarteneste på Utløbakken utgjer omlag 35 % (kvar 14. dag, totalt 24 gongar, 126 timar, 6 medvandrarar)
- ✓ Kyrkjeskysst utgjer om lag 15 % (7 personar har fordelt 48 skyssdagar mellom seg)
- ✓ Anna transport/følgje utgjer om lag 10 % (22 oppdrag – 29,5 timar)
- ✓ Anna praktisk arbeid (hagearbeid m.m. har utgjort ca 5 % (9 oppdrag på totalt 18 timar)

Vi har hatt 20 (som i 2022) **brukarar av tenesta**. I tillegg kjem brukarane av medvandrartenesta på Utløbakken.

Av dei 38 **innskytarane** vi har på lista vår har 20 vore aktive i år (23 i 2022).

I år arrangerte vi inspirasjonssamling/treff for innskytarane. Mange (omlag 20 personar) fekk bl.a. høyre sjukehusprest Leif Oma fortelje om arbeidet ved Haraldsplass diakonale sykehus.

Hjartebank-komiteen har hatt 3 møte i 2023.

Komiteen vil rette ein stor takk til alle som gjer innsats for Hjartebanken!

«Gud, gi oss nye øyne, Gud, gi oss nye sinn. Gud løs du våre hender med kjærligheten din» Siste del av vers 3 i salme 719 i salmeboka.

Kristin Hjertaker (s)

Leif Grøteide (s)

Evelyn Haldorsen (s)

Jostein Monstad (s)

Stig Stordal (s)

Klubben

Klubben møtes i kyrkjelydshuset hver onsdag kl. 17.30 - 19.30.

Mellom

12 og 20 brukere møter hver gang, noen i følge med støttekontakt eller personale fra bofellesskap.

På klubbkveldene er det aktiviteter som puslespill, brettspill, bingo eller formingsaktiviteter. Måltidet er en viktig del av klubbkvelden.

De frivillige på kjøkkenet er viktige medarbeidere. Noen av klubbmedlemmene liker å være med på kjøkkenet. Det å lage mat sammen gir en fin anledning til en pratetund, som de fleste setter pris på. Av og til er alle med og forbereder måltidet, for eksempel pizza-baking eller baking.

En onsdag i måneden er det klubb gudstjeneste. Prestene Ingvar Fløysvik og Gina Marie Reisæter-Thu har hatt disse sammen med kantor Olav Arne Steinkopf. Gudstjenesten har egen tilpasset liturgi og faste salmer, noe som gir forutsigbarhet og trygghet.

På juletefesten kom det rundt 100 personer, men var bare dekket til 80. Vi serverte pølser, julekaker og brus. Vi var for få folk på kjøkkenet og generelt for å dele på oppgavene.

I mai arrangerte Klubben Kulturkafé under Kulturdagar i Arna. Haus musikklag og Seniordansen underholdt, og det var kafé med vafler, kaffi og brus.

Vi ha fått hjelp av Gerd Kristi til å få i gang vår kreative evne og lage ting som blomster laget med farget papir og grønn ståltråd. Male på glass som blir til lysestaker, også med bomullsdotter.

I februar var det karneval med kostymer de kunne låne eller ha med selv, det var også ansiktsmaling. De fleste lånte kostymer, men en del kom kledd ut som cowboy. En ca. 5 ville ha ansiktsmaling. Det var en stor suksess og alle ble med på å ta på kostymer og bli med.

Det har vært gjort arbeid med oppmøtet fra bofellesskap, med personlig kontakt fra Svanhild Olsen-Lie. Vi ser et stigende oppmøte mot slutten av året.

Styret for klubben består av:
Svanhild Olsen-Lie, leder
Elisabeth Garnes
Hans Martin Svarstad
Frida Alva Runge, klubbleder

Frida Alva Runge, klubbleder



Arna sokneråd

| Faste medlemmer | 2019-2023 |
|------------------------------|-------------------------|
| Bjarte Abildgaard | |
| Kristin Haukaas | Leiar, arbeidsutval |
| Audun Stølås | |
| Steffen Mjelde | |
| Hans Martin Svarstad | Nestleiar, arbeidsutval |
| Torill Vik Johannessen | |
| Svanhild Lunde Olsen-Lie | |
| Erik Rodal | |
| Jostein Monstad | |
| Sokneprest Kristin Hjertaker | Arbeidsutval |
| Varamedlemmer | |
| Elisabeth Almenning Garnes | <i>Fritak</i> |
| Johannes Eman | |
| Ann Helen Heggstad Folkvord | <i>Fritak</i> |
| Kari Secher | |

Kyrkjevalet 11. september 2023

Nytt sokneråd frå 1. november 2023:

| Faste medlemmer | 2023-2027 |
|------------------------------|-------------------------|
| Ingmar Ljones | |
| Kristin Haukaas | Nestleiar, arbeidsutval |
| Torill Vik Johannessen | Leiar, arbeidsutval |
| Kari Secher | |
| Hans Martin Svarstad | |
| Gunnlaug Almelid Tvilde | |
| Ann Helen Heggstad Folkvord | |
| Marlyn Hop | |
| Sokneprest Kristin Hjertaker | Arbeidsutval |
| Varamedlemmer | |
| Erik Rodal | |
| Evelyn Anna Larsen Nytnun | |
| Arild Sundland Dale | |
| Møyfrid Naterstad Opheim | |
| Roald Zinke | |

Bergen kirkelige fellelråd

er samansett av representantar frå alle sokneråda i Bergen kommune. Hans Martin Svarstad sat som Arna sokneråd sin representant i 2023. Bjarte Abildgaard var vararepresentant.

Tilsette

| | | |
|---|---|-------|
| Cathrine Snipsøy | kateket | 100 % |
| Olav Arne Steinkopf | kantor | 100 % |
| Monica Ohr | kyrkjetenar Arna og Ytre Arna | 100 % |
| Kristin Hjertaker | sokneprest Arna | 100 % |
| Ingvar Fløysvik | sokneprest Ytre Arna | 100 % |
| Gina Marie Reisæter-Thu | kapellan Arna (haust) | 75 % |
| Maria Aasheim Grosås | ungdomsdiakon Arna og Ytre Arna | 100 % |
| Gro Eman | kateket | 80 % |
| Marianne W. Fanebust | dagleg leiar | 60 % |
| Møyfrid N. Opheim | styrar, Sakkeus open barnehage | 25 % |
| Benedikte Auglænd | assistent, Sakkeus open barnehage | 20 % |
| Jørn Skauge | organist Ytre Arna. Gravferd tysdag, andakt Arna helseheim 2.kvar ons. | |
| Jorunn Dahle | vaktmeisteroppgåver på kyrkjelydshuset | |
| Frida Runge | leiar i Klubben | |
| Karina Opheim, Jorunn Haukås | kyrkjetenar, deltid | |
| Ole Didrik Garnes, Emilie Eman (vår), Daniel Eman (haust) | leiarar på Ungdomsklubben | |



Takk frå staben på Frivillighetens dag, 5. desember :)

Aktivitetar, nemnder, styre og utval

BARN, UNGE OG FAMILIAR

- Babysang
- Trusopplæringsutval
- Trusopplæringstiltak
- Sakkeus open barnehage
- Familiekoret
- Søndagsklubben
- Ungdomsklubben
- Barnehage/ skule -samarbeid

GUDSTENESTELIV

- Gudstenestemedarbeidarar, grupper
- Forsongarar
- Livsnære grupper
- Kyrkjekaffi-grupper
- Bønenemnd
- Gudstenester for Klubben
- Gudstenester/ andakter på Arna helseheim
- Andakter på Arna seniorsenter og Utløbakken miljøstove

DIAKONI

- Diakoniutval
- Hjartebanken
- Open kyrkjestove og Grautlørdag
- Minnegudsteneste
- Klubben, styret og kjøkkengjeng
- Temakveld
- Songstund på Arna helseheim
- Arna seniorsenter, repr. i styret, inkl. leiar
- Strikkekafé – siste tor. kvar månad
- 50-årskonfirmantar vart invitert til gudsteneste

MUSIKK

- Arna og Ytre Arna kyrkjekor
- Temagudstenester; forsongarar og band
- Musikarar på gudstenester
- Samarbeid med Haukeland songlag og Arne Musikforening
- Prosjektcor
- Orgel-elevar

SOKNERÅD

- Arbeidsutval
- Årsmøte
- Strategisamling for sokneråd og stab
- Fellesrådet; representant + vara
- Misjonsnemnd
- NMS misjonsavtale og NMS-kontakt
- Normisjon misjonsavtale
- Kirkens Nødhjelp-kontakt
- Kirkens SOS-kontakt
- Bibelselskapet-kontakt
- Offernemnd
- Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon, dugnad

KYRKJELYDSHUS

- Styret
- Utleige
- Dugnadsgjeng - vedlikehald inne og ute
- Dugnadsgjeng - minnesamvær
- Dugnadsgjeng - Kirkeringer
- Vaktmesteroppgåver
- Basarkomité

Kyrkjebladet

Redaksjonen

I 2023 har me halde fram med eit eige blad for dei Ytre Arna og Arna sokn. Bladet kom ut i tre nummer, eit til påske, eit etter sommaren og eit i november. Nummer 3 hadde 12 sider, dei andre to nummera 16 sider.

Bladet har hatt eit opplag på 5700, av dei 4400 i Arna og 1300 i Ytre Arna. Gode sponsorar har i det store og heile dekt utgiftene til bladet dette året. Bladet vert distribuert fysisk til alle husstandar i dei to sokna og er dessutan å finna på Ytre Arna sokn si nettside.

Redaktør for bladet har vore Kristin Hjertaker. Ho gjev seg til nyttår, og me vil takka henne for den heilt avgjerande rolla ho har hatt når det gjeld å få i gang eit eige blad for Ytre Arna og Arna sokn.

Elles har redaksjonen vore: Kristin Haukås og Erik Rodal frå Arna og Tor Oddvar Holmefjord, Jorunn Haukås og Ingvar Fløysvik frå Ytre Arna. Redaksjonen har hatt møte før kvar utgjeving. I tillegg har redaksjonsnemndene for dei to sokna møtst kvar for seg når det har vore trong for det.

Ingvar Fløysvik, redaksjonsleiar

Mottak og distribusjon

Kari Secher og Hans Martin Svarstad tel blada til dei om lag 30 bladboda. Nesten alle husstandar i Arna får Kyrkjebladet heim i postkassa.



Bygg

Besøk kyrkja digitalt!

Hausten 2023 ble alle kyrkjebygga i Bergen filma innvendig. No kan alle få sjå Arna kyrkje og Takvam kapell frå innsida. Du finn dei på Google maps - Street View 360.

Arna kyrkje, Kyrkjestova, Takvam kapell

Bergen kirkelige fellesråd er ansvarleg for drift og vedlikehald. Driftsteknikar frå Akasia, Bjarte Husa, gjer ein framifrå jobb. Akasia Renhold AS vaskar kyrkje og kyrkjelydshus.

Arna kyrkjelydshus

Bkf leigar kontorfløyen og publikumstoalletta i sokkeletasjen av kyrkjelyden.

Borgstova


Gravplassmyndighetene i Bergen står for drift og vedlikehald. Gravplassarbeidarane har spiserom i 1. etasje. Arna gravferdsbyrå leiger nokre rom i 1. etasje.

Sakkeus-parken

Leikeplass knytt til Sakkeus open barnehage. Mykje brukt av barnehagane i nærområdet. Open for alle!

Gravplassane

Arna kyrkjegard, Mjeldheim gravplass, Takvam kyrkjegard.



Arna kyrkjelydshus



HUSSTYRET har bestått av følgende:

| | |
|----------------------------------|-------------------|
| Leder: | Leif Grøteide |
| Nestleder: | Bjørge Hellesøy |
| Kasserer: | Kari Claussen |
| Sekretær og vaktmester: | Jorunn Dahle |
| Styremedlem: | Tone Haldorsen |
| 1.varamedlem: | Jan Ove Garnes |
| 2.varamedlem: | ingen |
| Soknerådets repr.: | Bjarte Abildgaard |
| Varamedl. for soknerådets repr.: | Steffen Mjelde |

HUSSTYRET har hatt 5 styremøter. I tillegg kommer div. arbeidsutvalgsmøter, dugnader og annet. Styrets leder, vaktmester samt andre styremedlemmer er regelmessig innom huset og tar forefallende arbeid.

HUSET har også i år vært mye brukt, bl.a. til Babysang, ulike trosopplæringstiltak, Søndagsklubben, konfirmantgrupper, øvinger med Kyrkjekoret, prosjektkor og Familieket, kyrkjekaffi, misjonsfest, julefester, Klubben, Åpen bibelgruppe, bibeltimer, temakvelder, stabsmøter, møter i soknerådet, AU + andre utvalg og grupper. I tillegg utallige dåpssamtaler og samtaler med sørgende. Det har vært utleie bl.a. til dåpsselskap, konfirmasjonsfester og minnesamvær.

KIRKERINGENE har i år som tidligere år hatt den årlige dagen med vask og støvsugning av stoler, bord, salongmøbler og dører. Toalettene ble også vasket.

DIVERSE DUGNAD SARBEID (utført av styret)

*I forbindelse med **minnesamvær** er der mange frivillige personer som stiller opp: oppsetting av bord, kjøkkentjeneste, borddekkning, servering, oppvask og rydding mm.

***Antiskli:** til trappene opp til loft sør – ble kjøpt inn og montert av Jan Ove.

***Skilleveggen** - dørbladene trenger justering. Leif og Ingmar har ordnet dette.

***Takrenner og ventilasjonsfilter**, dette arbeidet skulle Jan Ove, Bjarte og Leif ta seg av i april-mai. Dette ble noe forsinket, ferien kom og arbeidet skulle utføres i august/september.

RENHOLD det er AKASIA som tar seg av daglig renhold, de vasker hver morgen (mandag - fredag) hele året unntatt juli. Akasia tok også boningen på huset i ferien, og nedvask av fryseboksrommet.

ÅRLIG VINDUSVASK ble foretatt i april før konfirmasjonene.

FRIVILLIGHETSENTRALEN BUSSEN - spørsmål til styret om å få parkere på parkeringsplassen.

Frivillighetssentralen har fått en midlertidig løsning på parkeringsplassen.

STEARINLYS brukes mye på huset, noen tåler ikke disse. Styret investerte i nye ledd lys og batterier.

BIR- DIVERSE BLA. MATAVFALL: etter mange samtaler med BIR kom vi frem til at noen annen ordning enn den vi har i dag vil ikke være gjennomførbar for kyrkjelydshuset.

THUNESTVEDT EI. AS: I forb. med at lyststoffrør sluttet å produsere innhentet styret prisoverslag fra Thunestvedt Elektriske AS, og i starten av august startet de å montere nye LED-lamper. Det står igjen lamper i salongen og undervisningsrommet.

ÅRSKONTROLLER: Alt slukkeutstyr er kontrollert og utført av BSV Fire Protection & Safety og Frøland & Noss kontroll på brannsentralen, detektorer mm.

ØKONOMI: Huset har bra økonomi og er gjeldfri. Strømregningene til huset er fortsatt store pga. høye strømprisene, dette merkes godt på husets økonomi. Det er BKF som har regnskapet til kyrkjelydshuset. På den årlige basaren til inntekt for huset ble det samlet inn kr 99.344 :)

FASTE LEIETAKERE: Arna Seniorsenter, Bergen kirkelige fellesråd, Sakkeus open barnehage og Arna Seniordans.

Dette er det som husstyret har hatt med og utført fra 01.01.23 - 31.08.2023. Styret for Arna kyrkjelydshus var virksomt fram til 01.09.2023 da de nye vedtektene trådte i kraft.

Leif Grøteide, leder i husstyret

Statistikk

Arna sokn

Talet på medlemmer

0-100+ år 7545 (7611) medlemmer

0-18 år 1462 (1516) medlemmer

Innmeldingar 8 (3)

Utmeldingar 42 (24)

Tal i parentes er frå 2022.

| Arna sokn | 2012 | 2014 | 2016 | 2018 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|-------------|------|------|------|------|------|-------|-------|-------|
| døypte | 82 | 87 | 59 | 46 | 60 | 59 | 66 | 65 |
| konfirmerte | 88 | 101 | 80 | 72 | 93 | 84 | 81 | 98 |
| vigsel | 13 | 5 | 10 | 14 | 5 | 8 | 12 | 7 |
| gravferd | 95 | 70 | 73 | 62 | 88 | 67+12 | 83+14 | 95+17 |

Marknadsdag utanfor kyrkja.



Økonomi

Rekneskapsførsel og revisjon

Arna sokn sin rekneskapsførsel ivareta av Bergen kirkelige fellesråd ved Aider AS. Revisor er Deloitte AS. Dagleg leiar har ansvar for økonomistyring, offerhandsaming, handtering av bilag, givarteneste, innkjøp, samt å leggje fram økonomiske rapportar og årsrekneskap for soknerådet. Arna sokneråd godkjenner årleg budsjett for Arna sokn. Det er Arna sokneråd sin vurdering at årsrekneskapen syner eit korrekt bilete av resultat og stilling per 31. desember 2023. Driftsrekneskapen vart oppgjort med eit netto driftsresultat med eit mindreforbruk på kr 395.789. Fastsettinga av årets meir- og mindreforbruk vert vedteke av soknerådet.

Framstilling i høve likestilling og diskrimineringslovgivinga

Arna sokn

Valordninga i Den norske kyrkja inneber at kjønnsfordelinga i styrande organ avgjerast gjennom demokratiske val. Dei 8 medlemmene i Arna sokneråd veljast av soknets medlemmer kvart 4. år. For perioden 2019-2023 viste valresultatet at fordelinga av rådets folkevalde faste medlemmer er 3 kvinner og 5 menn.

Likestillingstiltak

Dei fleste som arbeider i Arna kyrkjelyd er tilsett hos Bergen kirkelige fellesråd eller Bjørgvin bispedøme. Som arbeidsgivarar har organisasjonane aktive strategiar for å unngå diskriminering og kan setje i verk tiltak om nødvendig. Arna sokn har nokre få tilsette i små engasjement/stillingar, og soknerådet har samarbeids-avtale med fellesrådet om det formelle arbeidsgjevaransvaret og lønnsutbetaling for nokre av desse.

Avgrensingar

Arna sokn har inga avgrensingar når det gjeld tilgang til egne aktivitetar, styrande organ, verv eller stillingar som har samanheng med eit eller fleire diskrimineringsgrunnlag. Det er heller ikkje segregerte, herunder kjønnsdelte, aktivitetar eller tilbod.

Tilgang for menneske med funksjonsnedsetting med tanke på universell utforming av bygg: Det er teleslynge for dei med nedsett høyrse i kyrkjerom og kyrkjelydshus. Det manglar m.a. leie-liner for synshemma til kyrkjedøra. Med trinnfri tilkomst til kyrkjerommet, er det lett for rørsle-hemma å komme inn. Opp trappa i koret er det lause skinner som ikkje fungerer godt nok. Det finnes HC-toalett i begge etasjar i kyrkjelydshuset. Arna kyrkjelyd har eit tilrettelagte tilbod til menneske med funksjonsutfordringar, det er Klubben som samlast kvar onsdag.